

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 20.03.2015
SAKSHANDSAMAR: Berit Bore
SAKA GJELD: **Årsoppgjer 2014**

ARKIVSAK: 2014/1168
STYRESAK: **037/15**

STYREMØTE: **07.04. 2015**

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner styrets beretning og årsrekneskap for Helse Vest RHF og Helse Vest føretaksgruppe med dei merknader og kommentarar som kom fram i møtet. Årets overskot i Helse Vest RHF, kr 2 660 729 983 blir ført mot annan eigenkapital med kr 2 655 894 870 mens kr 4 835 113 blir ført til fond for vurderingsforskjellar. I resultatet ligg tilbakeføring av tidlegare kostnadsført underskot i dotterføretak med kr 2 217 149 463,04. Årets overskott i Helse Vest føretaksgruppe kr 2 709 166 120 blir ført mot annan eigenkapital med kr 2 703 006 447 mens kr 6 519 673 blir ført til fond for vurderingsforskjellar.
2. Styret godkjenner erklæring om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette, inkludert retningsliner for fastsetting av lønn og godtgjersle for 2015. Jf note 6 i årsrekneskapen.
3. Styret gir administrerande direktør fullmakt til å føreta mindre, redaksjonelle justeringar i styrets beretning og årsrekneskapen.
4. Styret legg vedlagte årsrekneskap med kontantstraumanalyse og noter fram for føretaksmøtet til godkjenning.

Oppsummering

Resultatet for føretaksgruppa viser eit overskot på til saman 2 709 166 120 kroner. Resultatet for Helse Vest RHF viser eit overskot på 2 660 729 983 kroner.

I resultatet for Helse Vest RHF ligg ei reversert nedskriving på eigardel i helseføretaka på netto 2 217 149 463 kroner, som er ei justering av eigardelen i helseføretaka som har hatt overskot, justert for feil i tidlegare års rekneskap, slik at den svarer til eigenkapitalen deira. Den reverserte nedskrivinga er ført tilbake i konsernrekneskapen slik at ikkje overskota blir tekne med to gonger. Resultatet for Helse Vest RHF utan denne reverserte nedskrivinga er kr 443 580 520.

Driftsresultat før av- og nedskrivingar i føretaksgruppa viser eit overskot på 3 709 496 328 kroner. Ordinære avskrivingar utgjer 1 067 162 973 kroner og nedskriving av driftsmidlar utgjer 3 503 235. Nedskrivingsbeløpet gjeld nedskriving av bygningsdelar ved ombygging og nedskriving av nokre mindre bygg på Valen som ikkje er i bruk og som er planlagd rivne.

Resultatkrav frå Helse- og omsorgsdepartementet var i utgangspunktet balanse i rekneskapen, men som følgje av konsekvensar for pensjonen ved at pensjonsreform vedkommande uføredel og lengre levetider for personar fødd i 1954 eller seinare blei tekne inn i rekneskapen for 2014, blei resultatkravet justert til kr 1 913 400 000 for føretaksgruppa samla i 2014. Styret hadde i utgangspunktet stilt krav om eit overskot på 309 732 000 kroner for føretaksgruppa samla. Dette blei justert til 2 257 732 000 av årsaka nemnd ovanfor. Årsaken til avviket mellom endra resultatkrav frå Helse- og omsorgsdepartementet og styret har skuld i berekningsmåten. Departementet har sett resultatkravet bygd på inntektsmodellen mellom helseregionane, mens styret har sett resultatkravet bygd på dei reelle endringane av pensjonskostnaden som følgje av reforma.

Resultat i føretaka (millionar kroner):	2014	2013
Helse Bergen HF	1 056,5	237,5
Helse Stavanger HF	553,0	61,7
Helse Fonna HF	366,3	34,6
Helse Førde HF	241,3	0,5
Sjukehusapoteka Vest HF	30,5	14,9
Helse Vest IKT AS	14,7	-4,9
Helse Vest RHF	443,6	305,3
Tilknytte selskap	3,2	-3,0
Sum rekneskapsresultat	2 709,1	647,8

Resultatet frå føretaksgruppa er 451,4 millionar kroner betre enn resultatkravet som styret har stilt krav om.

Fakta

Helseføretaka er pliktige til å følgje rekneskapslova etter lov om helseføretak.

I følgje §3-1 i rekneskapslova skal rekneskapspliktige for kvart år utarbeide årsrekneskap og styrets beretning i samsvar med reglar i same lov. Årsrekneskapen og styrets beretning skal skrivast under av alle styremedlemmane og dagleg leiar.

Rekneskapen for føretaksgruppa skal byggje på dei konsoliderte føretaka sine rekneskapar og omfattar resultatrekneskap, balanse, kontantstraumanalyse og noter.

Følgjande føretak inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morselskapet Helse Vest RHF:

Helse Bergen HF
Helse Stavanger HF
Helse Fonna HF
Helse Førde HF
Sjukehusapoteka Vest HF
Helse Vest IKT AS

Erklæring om fastsetjing av lønn og godtgjersle

Helse Vest RHF definerer personer i stillingane administrerande direktør, fagdirektør, eigardirektør, kommunikasjonsdirektør, økonomi- og finansdirektør og personal- og organisasjonsdirektør som leiande personell.

Helse Vest RHF har fulgt retningsliner for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap (fastsett av Regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011) kor hovudprinsippet er at leiarlønn i føretaka skal være konkurransedyktig, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarande selskap/føretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønningane.

Erklæringa med forklaring på avvik vedkommande avtaler om tilleggspensjon er teke inn i note 6 i årsrekneskapen. Den skal fastsettast av styret kvart år.

Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) har fastsatt nye «Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel» med verknad frå 13. februar 2015. Vi kan ikkje sjå at det er motstrid mellom erklæringa inntatt i note 6 og dei nye retningslinene.

Konklusjon

Årsrekneskap med styrets beretning for Helse Vest RHF – morselskap – og føretaksgruppa Helse Vest, blir med dette lagt fram.

Det er nytta felles rekneskapsprinsipp og alle vesentlege interne transaksjonar er eliminerte i rekneskapen for føretaksgruppa Helse Vest.

Erklæring om fastsetting av lønn og godtgjersle for dagleg leiar og andre leiande tilsette i Helse Vest RHF går fram av note 6 i årsrekneskapen for føretaksgruppa og vedlagte skriv frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Administrerande direktør rår styret til å godkjenne styrets beretning og årsrekneskap for 2014.

Administrerande direktør ber om fullmakt til å godkjenne redaksjonelle endringar i rekneskap og styrets beretning.

Trykte vedlegg:

Vedlegg 1 – Konsernrekneskap med noter og kontantstrømoppstilling for Helse Vest

Vedlegg 2 – Styrets beretning

Vedlegg 3 - Brev frå Helse- og omsorgsdepartementet vedkommande nye retningsliner for lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette i føretak og selskap med statleg eigardel

Vedlegg 4 – Oppsummering frå revisjonen

Utrykte vedlegg:

Årsrekneskap og årsmelding frå dotterføretaka